



Årsmelding for Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2019



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Side 1

vegen

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Innleiing

Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av, vedtekne målsetjingar, planar og budsjett.

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere fellesrådet sin økonomiske stilling, og andre forhold som ikkje utan vidare går fram av rekneskapet.


Vaksdal kyrkjelege fellesråd søkte om kr 5.242.000,- i rammeløyving for 2019 I denne summen ligg også dei 200.000 i invisteringstilskot som alt var løyvd i kommunen sin økonomiplan. Det har vore svært viktig for fellesrådet å synleggjere dei reelle kostnadane som ligg i å drifta Vaksdal kyrkjelege fellesråd. Me har også hat eit ekstra fokus på gravferdsforvaltninga. Dette er offentlege tenester som fellesrådet utfører på vegne av kommunen. Me har difor i løyvingsøknaden for 2019 valt å skilja ut funksjon 043 gravplassforvaltning i sjølv søknaden.

I rådmannen sitt forslag til budsjett låg det 4.400.000 frå Vaksdal kommune pluss invisteringstilskot på 200.000. I tillegg til rammeløyvinga til drift låg det i kommunen sitt budsjett og økonomiplan eit invisteringstilskot på 500.000 til Dale kyrkje. Denne løyvinga var langt frå det reelle behovet som fellesrådet hadde. Fellesrådsleiar og nestleiar jobba opp mot politikarane for å finne ei betre løysing. Samtidig jobba kyrkjevevja med å utgreie å klargjere dei reelle behova til fellesrådet. Det var spesielt gravplass sektoren og tenesteytingsavtalen som fellesrådet har med Vaksdal kommune, me meinte var underfinansiert.


Etter forhandlingar med politikarar og administrasjon, fekk me på plass fylgjande avtale Løyvingar til drift 4.580.000 løyvingar til investering på Dale kyrkje (justert iforhold til kommunens økonomiplan) 1.200.000. Styrking av kommunen sin tenesteytingsavtale på 1.200.000 i ekstra overføringar til teknisk drift på kommunen. Fond på kr 100.000 som skal dekke kr 5000 i kremasjonsutgifter.

For nærare informasjon rundt fellesrådet sine økonomiske disponeringar, vert det vist til årsmeldinga, samt rekneskap for 2019 som ligg vedlagt denne.

Dale 27.02.2019



Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjevevje/ dagleg leiar



Lars Patterson
Leiar Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Vaksdal kyrkjelege fellesråd Årsmelding for 2019

Innhald	Side
Samansetning av fellesrådet	4
Om rådet sitt arbeid	5
Organisasjonsoversikt	5
Stillingar i kyrkjene	6
Statistikk kyrkjene i Vaksdal	6
Budsjettgrunnlaget for 2019	7
Om vedlikehald og investering	9
Gravplassane i Vaksdal	10
Kyrkjemusikalsk verksemd	11
Trusopplæring	13
Prisar for utleige og sal av tenester	16
Kyrkjebladet for Vaksdal	17
Straumutgifter til kyrkjene	17
Kommentar til vedlagt rekneskap	18
Kyrkjeleg administrasjon (Føremål 041)	18
Kyrkjer (Føremål 042)	18
Kyrkjegardar (Føremål 043)	19
Andre kyrkjelege føremål (Føremål 044)	20
Årsrekneskapen 2019, med balanse og notar	21

Vaksdal kyrkjelege fellesråd Årsmelding for 2019
--

I 2019 var Vaksdal kyrkjelege fellesråd samansett slik fram til val i 2019

Leiar:	Odd Arild Faugstad	Vaksdal sokneråd
		Vara: Grete Loftheim Dale
Nestleiar	Anne Hilde Fosse Osvold	Bergsdalen sokneråd
		Vara: Herborg Holt Lid
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd
		Vara: Egil Kaland
-----	Thor Andersen	Dale sokn
		Vara: Eli Kringlebotten
-----	Haldis Fjellanger	Eksingedalen sokneråd
		Vara: Kåre Magnar Trefall
-----	Anita Gullbrå	Nesheim sokn
		Vara: Magnar Nese
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant
		Vara: Edvard Bø
-----	Sigmund Simmenes	Vaksdal kommune
		Vara: Eirik Haga
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjeverje

I 2019 var Vaksdal kyrkjelege fellesråd samansett slik etter val i 2019

Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd
		Vara: Ole Jakob Nese
Nestleiar	Anne Hilde Fosse Osvold	Bergsdalen sokneråd
		Vara: Lise-Lotte Småbrekke
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd
		Vara: Eidrun S Normann
-----	Elisabeth Verpelstad	Dale sokn
		Vara: Odd Dyvik
-----	Odd Arild Faugstad	Vaksdal sokneråd
		Vara: Anders Boge
-----	Evelyn Gullbrå	Nesheim sokn
		Vara: Magnar Nese
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant
		Vara: Edvard Bø
-----	Hege Eide Vik	Vaksdal kommune
		Vara: Erlend Hesjedal
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjeverje

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Om rådet sitt arbeid


” Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen ” (Utdrag frå Kirkeloven §14)

Fellesrådsmøte

VKF hadde 6 møter i 2019, og handsama 44 saker

Møta vart til vanleg haldne på kyrjekontoret i Fabrikkvegen 3 på Dale. Fellesrådet fungerer på same måte som kommunestyret. Det er kyrkjeverja som i samarbeid med eit arbeidsutval førebur sakene til fellesrådet, og er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet sine møter er offentlege og opne for tilhøyrar. Mange av sakene frå 2019 omhandlar tema økonomi. Knappe resursar og store utgifter gjer prioriteringane til fellesrådet ekstra utfordrande. Fellesrådet uttrykker ei spesiell uro for tilstanden på kyrkjebygga og eit stort vedlikehaldsetterslep. Gravplassane er også eit tema som går igjen i møta våre. Dei fleste gravplassane i Vaksdal har behov for vedlikehald og opprusting.

Organisasjonsoversikt



Den norske kyrkja har delt leiarskap. Fellesrådet tilset dei kyrkjelege medarbeidarane lokalt, medan bispedømerådet tilset prestane. Prestane er representerte i sokneråda, og biskopen utnemnar geistleg representant til sokneråda og fellesrådet.

Sokneprest Edvard Bø er i Vaksdal og Stamnes sokneråd

Sokneprest Frode Kvamsøe er i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og Nesheim sokneråd.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Stillingar i kyrkjene i 2019

1=Vaksdal, 5 = Eidsland
 2=Dale, 6 = Eksingedalen
 3=Bergsdalen, 7 = Nesheim
 4=Stamnes

Kyrkjetenarar (1,2,3,4,5,6,7)	5 personar	0,7 årsverk	
Klokkarar (1)	1 person	0,1 årsverk	
Klokkarar (2,3,4,5,6,7)	6 Stillingar utan fast tilsette	0,5 årsverk ledig	
Kyrkjeg.arb (3,5,6,7)	3 personar	0,2 årsverk	
Kyrkjeg.arb (1,2,4)	tenesteyting	0 årsverk ledig.	
Reinhaldarar (6,7)	1 person	0,1 årsverk	
Sekretær	1 stilling	0,5 årsverk ledig	
Kyrkjevevje	1 person	1,0 årsverk	
Kantorar	2 personar	1,5 årsverk	
Trusopplærar	1 Person	0,5 årsverk	

Sum	14 personar tilsette	7 ledige stillingar .
	4 årsverk (om lag)	1 ledig årsverk

Kyrkjetenar, organist, kyrkjevevje og klokkar er lovpålagte stillingar ut frå Kyrkjelova §15.

Statistikk kyrkjene i Vaksdal 2019

	Bergsdalen	Dale	Eksingedalen	Nesheim	Stamnes	Vaksdal	Samla
Gudstenester	11	33	7	9	24	37	121
Frammøte, totalt	404	1.518	166	273	880	1.859	5.100
Døypte	4	5	1	0	3	9	22
Konfirmerte	0	11	1	0	3	15	29
Vigslar	1	1	1	1(	1	0	6
Gravlagde	2	14	0	1	8	12	37
Innmeldte	0	1	1	0	0	0	2
Utmeldte	1	7	3	0	2	2	15
Medlemar/tilhørige pr 1/1-20	58	1.631	59	56	419	1.007	3.233

I talet på gudstenester ligg dei ordinære gudstenestene i kyrkjene våre, ekstra gudsteneste ved gjestande kyrkjelydar o l, skulegudstenester og nattverdsgudstenester på Daletunet (8) og Vaksdal sjukeheim (7).

I Stamnes sokn er det to kyrkjebygg, men tala er her slått saman.

Tala på gravferder gjeld dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal.

Tala på vigslar gjeld både vanleg kyrkjeleg vigsel og forbønshandlingar for tidlegare inngåtte borgarlege ekteskap.

Tala er dei same som er innlevert til SSB og/eller ligg inne i medlemsregisteret til Den norske kyrkja.

Institusjonsandaktar er tatt med i tala for Dale og Vaksdal.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Budsjettgrunnlaget for 2019

VKF søkte om kr. 5.242.000,- i rammeløyving for 2019.

Dette var inklusive 200.000 i investeringsmidlar. Me fekk løyvd kr. 4.580.000. Det vart også løyvd kr. 1.200.000 til investeringar på Dale kyrkje.

Vaksdal kommune gjekk med på å gå tilbake til den «gamle» ordningar der gravplassane på Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes ligg inn under ein eigen tenesteytingsavtale. Denne avtalen omfattar også opning og lukking av graver på alle gravplassane i kommunen. Etter forhandlingar fekk teknisk etat styrka denne tenesta med kr. 1.200.000. Me vonar at dette vil føre til ein opprusting av gravplassane på sikt.

Budsjettframlegget var bygd på føresetnadane i Kyrkelova §15 om kommunen sitt økonomiske ansvar.

Føresetnaden for budsjettarbeidet 2019 er som følgjer:

Før denne budsjettsøknaden vart sendt har kyrkjevevja vore i møte med assisterande rådmann, økonomisjef og einingsleiar for samfunnsutvikling i Vaksdal kommune. Fellesrådet og kyrkjevevja vonar at me kan få fleire gode kontaktpunkt med kommunen frametter. Om me skal få økonomien til å gå i hop er begge partar på mange måtar gjensidig avhengige av kvarandre.

Det er viktig for fellesrådet å synleggjera kva midlar me treng for å ha ei fornuftig drift av kyrkjer og gravplassar. Det har i mange år vore eit stort gap mellom kva midlar me treng og kva me får tildelt. Dette fører til eit vedlikehaldsetterslep på kyrkjebygg og gravplassar som fellesrådet er uroa over.

Gravplassane i kommune er den posten med nyttar mest pengar på etter lønn og sosiale utgifter. Gravplassane i kommunen er ein viktig arena for folket i kommunen. Her kan dei gå og minnst dei nære og kjære som er avlidne. Tilstanden på gravplassane (spesielt Vaksdal, Stanghelle Dale og Stamnes) er ikkje bra. Dei siste åra har ein ikkje hatt midlar til å gjera det mest naudsynte vedlikehalde, som for eksempel å gruse gangstiane. Sidan gravplassforvaltninga er ein del av den offentlege forvaltninga som kyrkja gjer på vegne av kommunen er det ikkje rett at kyrkja skal måtte ta av sitt eige driftsbudsjett. Dette er trass alt ei teneste som vert gjort for alle. Me har difor valt å ta ut funksjon 043, og ta med alle dei reelle utgiftene som kyrkjeleg fellesråd har på dette. Samt at me synleggjer den biten av kommunen sin tenesteytingsavtale som ligg på gravplassane.

Kommunen har i sin økonomiplan løyvd kr. 1 million året over dei neste 4 åra i investeringstilskot. Desse midlane har vore meint å gå til arbeide med å utbetre og på sikt utvide Dale gravplass. Akasia vann konkurranse for dette omfattande prosjektet. Forprosjektet skulle vore ferdig i juni inneverande år, og me hadde vona å sitte på eit pristilbod på gravplassen. Akasia har ikkje klart å levere det som er avtala. Denne situasjonen gjer at me ikkje no kan seie noko om kva investeringsbehov som ligg på Dale gravplass. Men ein kan gå ut frå at det er meir enn det som er løyvd i kommunen sin økonomiplan.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

1. Tiltaka som er nemnde ovanfor gjer at me kan levere inn ein budsjettsøknad der dei budsjetterte driftskostnadane er lagt til det reelle behovet som kyrkjeleg fellesråd har. Lønnskostnad, som er den største posten i budsjettet, er regulert med kommunen sin deflator på 2,5 %.
2. Pengar til drift og vedlikehald av gravplassane er den budsjetterte kostnaden på kva VKF betalar for å drifte dei 8 gravplassane i kommunen. Dette dekker alt frå klypping av gras til snømåking. Verdien av tenesteytingsavtala med Vaksdal kommune er det Vaksdal kommune sjølv som har satt. Denne dekkar deira kostnader på graving av graver og utstyr til dette. Denne er regulert med 2,5 % som avtalt i møte med kommunen.
3. Fellesrådet må framleis søkja om midlar til vedlikehaldstiltak som er for store for rammebudsjettet. Dette ligg i fellesrådet sin vedlikehaldsplan. Investeringar som er naudsynte for 2019 er prosjektet på Dale gravplass samt kalking og reparasjonar utvendig på Dale kyrkje. Desse prosjekta er ikkje spesifiserte i budsjettet sidan prosjekta er so store at om dei skal bli realiserte lyt dei betalast med tilskot frå kommunen
4. Forsikringssum på kyrkjebygg er indeksregulert med 2,5%
5. Summen av kommunen si tenesteyting med reinhald i kyrkjene og kontorleige er oppgjeve til kr. 243.950. Talla er indeksregulert med 2,5%, og justert etter den nye tenesteytingsavtalen mellom Vaksdal kommune og VKF.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Oversyn over vedlikehald av kyrkjer i 2019:

På tampen av 2018 hadde BKK kontroll av dei elektriske anlegga i alle kyrkjene i Vaksdal. Denne kontrollen avdekkja ein del feil og manglar med dei elektriske anlegga. Der det var feil og manglar som gjorde anlegga ulovlege, vart det oppretta sak av BKK. Fellesrådet løyvde difor midlar i frå oppsparte fond til dette arbeidet. Det vart lyst ut ein lukka tilbodskonkurranse der 3 firma vart spurt om dei ynskte å delta. Det var Korsvoll Elektro som vann denne konkuransen. I løpet av fyrste halvår 2019 vart det gjennomført elektrikararbeid for kr. 200.000 inkl. mva. BKK var også nøgd med oppfylging og dokumentasjon av denne som fellesrådet fram skaffa. Dei har difor lukka alle dei sakene som vart oppretta på kyrkjene våre.

På Dale kyrkje vart det montert ny kran ved vaskeum i kjellar. Det vart også lagt opp utvendig uttak for vatn på Dale kyrkje. I Eidslandet kapell vart det montert nytt minikjøkken i sakristiet.

På Dale kyrkje og Bergsdalen kyrkje har det vorte gjort mindre reperasjoner på tak, etter at det har vore lause skiferheller.

Alt i alt har det vore gjennomført vedlikehaldsarbeid utført av diverse firma for kr. 278.000 inkl. mva. I tillegg til dette kjem det daglege vedlikehalde som vaktmeisteren tek seg av.

Oversyn over investeringar i kyrkjene 2019:

Det vart i 2019 gjort omfattande investeringar på Dale kyrkje. Då ein hadde kontroll av BKK vart det påpeikt at orgelet i Dale kyrkje var noko ein måtte sjå nærare på. Orgelet er ein svakstraumsinstallasjon og kom difor ikkje direkte innunder BKK sitt mandat. Etter ein del undersøkingar samt samtale med fagfolk på område vart det klart for oss at orgelet i Dale kyrkje kunne vera ei potensiell brannfelle. Difor bestemte fellesrådet at ein skulle skifte ut all den gamle elektronikken i spelepulten på Dale. Dette var eit omfattande arbeid som mellom anna krov at me måtte fjerna spelepulten fysisk frå Dale kyrkje. Arbeidet kosta totalt kr. 288.000 inkl. mva.

Det er også, i løpet av sumaren 2019, gjort ein omfattande rehabilitering av fasaden på Dale kyrkje. Denne har lenge vore ei sut for fellesrådet. Grunna feilbehandling av fasaden på 90-tallet var det eit svært omfattande arbeid som måtte gjerast. Til dette arbeidet vart det også ein tilbodskonkurranse. Det var Malerfirma Monsen som vann denne. Arbeidet kom på totalt kr. 1.766.000 inkl. mva.

Desse to prosjekta totalt har vore eit stort løft for fellesrådet i Vaksdal. Me har brukt mykje tid og resursar på å kvalitetssikre dette. Etter å ha opp summert prosjekta både økonomisk og prosessmessig, er me godt nøgde med dette arbeidet.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Gravplassane i Vaksdal

VKF har ansvaret for drift og vedlikehald av alle gravplassane i Vaksdal kommune. Det er viktig å presisera at dette er ei offentleg oppgåve som er lik for alle innbyggjarane i Vaksdal kommune uansett religion eller livssyn. Fellesrådet ser det difor slik at midlane til drift og vedlikehald av gravplassane, ikkje skal sjåast i samanheng med midlar som blir løyvd til fellesrådet sine kyrkjelege aktivitetar.

Det er 8 gravplassar i Vaksdal kommune, og fleire av dei er gamle. Dette gjev spesielle utfordringar ved opning og lukking av graver, samt vedlikehald på gravplassane. Det er eit faktum at det er altfor lite pengar til drift og vedlikehald av gravplassane. Med så små midlar er det umogleg å lage ein god plan for arbeidet. Det vert diverre mykje «brannslukking» og kortsiktige løysningar.

Dei siste åra har forvaltninga hatt eit spesielt fokus på gamle og utgåtte graver. Me har fjerna til saman i overkant av 80 steinar. Dette gjer at me no har fleire ledige graver til gjenbruk. Dette er positivt sidan me på sikt sparar pengar på utviding av gravplassar. Samtidig er det viktig for oss at dei festarane som ynskjer å festa gravene sine vidare, har full anledning til dette.

Fellesrådet er samtidig svært glade for arbeide med å prosjektera utviding av gravplassen på Dale. Her vil de koma egne urnegraver og namna minnelund. Fellesrådet vonar at slike tiltak vil avlasta gravplassane på Stanghelle og Vaksdal. Vaksdal kommune har også gjort eit vedtak om at dei dekker intil 5000 i forbindelse med kremasjon for busette i kommunen.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Årsmelding kyrkjemusikalsk verksemd 2019

Som organister arbeider Ruben Sverre Gjertsen i 100% stilling og Anton Proskurnin i 50% stilling.

Stamnes barnekor

Hege Eide Vik leia barnekoret fram til februar 2019. Ho vart frå hausten 2019 avløyst av Martha-Lise Handal Langeland. Hege Eide Vik kom likevel inn som vikar på 2 framføringar hausten 2019. Ruben Gjertsen er akkompagnatør og frivillige står for andaktene. Leiar er Liv Stamnes.

I 2019 song barnekoret på:

- 21/2 Basar i Stamnes bedehus
- 27/10 Barnekor på konsert med Blanke Messingen, Stamnes skule
- 10/11 Gudsteneste i Stamnes kyrkje
- 21/11 Basar i Stamnes bedehus
- 1/12 Gudsteneste og lysmesse i Stamnes kyrkje

Kilden

Dirigent for Kilden er Ruben Gjertsen. Koret har sunge på konsertar, gudstenester og møter:

- 22/2 Songkveld på Vaksdal bedehus.
- 17/3 Gudsteneste i Stamnes kyrkje.
- 27/3 Møte på Stanghelle bedehus.
- 28/4 Ung Messe i Vaksdal kyrkje.
- 19/5 Konsert på Daletunet og Vaksdal sjukeheim.
- 28/9 Felleskor med Arna Gospel, gospelkonsert med band i Arna kyrkje.
- 29/9 Felleskor med Arna Gospel, temagudsteneste i Arna kyrkje.
- 29/9 Felleskor med Arna Gospel, gospelkonsert med band i Dale kyrkje.
- 2/11 Jubileumskonsert for Vaksdal Musikkråd i Dale kyrkje, felles kor- og korpsnummer, medverkande var Kilden, Kordial, Dale mannskor, Dale Musikkforening, Vaksdal Musikklag, Vaksdal barne og ungdomskorps, Blanke Messingen og Steinkopf Trio.
- 22/11 Møte i Vaksdal bedehus.
- 14/12 Adventskonsert i Dale kyrkje.

Konsertar

- 27.01 Konsert Under Regnbogen i Dale kirke med Kristin Straume Audestad, Hege Eide Vik og Anton Proskurnin.
- Orgelkonsert 9/3 i Vaksdal kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Orgelkonsert 6/4 i Vaksdal kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Orgelkonsert 1/6 i Dale kyrkje, Ines Maidre (Daledagane).
- Lyd installasjon 1/6-2019 i Dale kyrkje, Ruben Gjertsen (Daledagane).
- Orgelkonsert 31/8 i Vaksdal kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Orgelkonsert 5/10 i Dale kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Jubileumskonsert Vaksdal Musikkråd 2/11-2019, fellesprosjekt for alle kor og korps.
- Orgelkonsert 9/11 i Vaksdal kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Orgelkonsert 30/11 i Dale kyrkje, Ruben Gjertsen.
- Lysmesse/adventskonsert Stamnes 1/12, med Dale mannskor, Blanke Messingen og Stamnes barnekor, Eirik Straume Normann. Eidrun Straume Normann delte adventstankar.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

- Adventskonsert 7/12: Vaksdal, med Vaksdal Musikklag, Frukt og kakao, og Anton Proskurnin. Hege Eide Vik delte adventstankar.
- Adventskonsert 14/12: Dale, med Kilden, Dale Musikkforening og Vaksdal Barne- og Ungdomskorps.
- Adventskonsert 15/12: Nesheim, med Hanna Gullbrå, Svein Tollefsen, Magnar Nese, barnekor og Ruben Gjertsen.

Gudtenester

Kor/forsangarkor møtte opp:

- 21/4 Påskedagsgudsteneste i Stamnes kyrkje 11.00.
- 9/6 Pinsedagsgudsteneste i Dale.
- 24/12 Julegudsteneste i Eksingedalen kyrkje. Et kor på 11 av bebuarar og tilreisande i Eksingedalen og Nesheim sokn øvde søndagen i førevegen, framførte songar til inngang og utgang, og fungerte som forsangarar i gudstenesta.

Både hyra og frivillige ekstramusikarar har medverka på gudstenester.

- Sigurd Steinkopf og Thomas Linde Lossius spilte i bandet på Ung Messe 28/4, Torsdagsklubben hadde musikkinnslag.
- Roar Minde Fagerli og Hege Eide Vik spilte og song i konfirmasjonsgudstenesta i Dale kyrkje 5/5.
- Aksel Henning Holdhus spilte trompet i konfirmasjonsgudsteneste i Stamnes 12/5, og på markering av nymåla kyrkje i Dale 13/10, med fanfare frå tårnet.
- Hege Eide Vik song på konfirmantjubileum i Stamnes 14/9.
- Antje Michelau-Meyn har spilt fløyte på gudstenester i Eidsland kapell.
- Hanna Gullbrå og Svein Tollefsen har hatt songinnslag i Nesheim kyrkje.
- Mari O. Trefall har spilt fiolin på gudstenester i Eksingedalen kyrkje, inkludert jolaftan.
- Vaksdal Musikklag og Thomas Nøkling stod for musikken i Vaksdal kyrkje jolaftan.
- John Vandervelt (orgel) og musikarar frå Blanke Messingen stod for musikken i Stamnes kyrkje jolaftan.

Born og unge

8-åringene fekk en demonstrasjon og fekk prøve orgelet i Vaksdal kyrkje under Tårnagenthelg 2/2.

Konfirmantane si musikkgruppe øvde inn salmar og liturgi og song saman med Kilden på Ung Messe i Vaksdal kyrkje 28/4.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Årsmelding for trusopplæring 2019



Kristin Straume Audestad er tilsett i 50% stilling som trusopplærer i Vaksdal. Denne stillinga er løna gjennom statlege trusopplæringsmidlar. Trusopplæringa i Vaksdal blir kalla «Vegen». «Vegen i Vaksdal» vil gje born og unge høve til å vekse i tru. Vegen er livs- og trusopplæring for alle i Vaksdal frå dei er døypt og til dei er 18 år. Aktivitetane er òg opne for born og unge som ikkje er døypte.

Gjennom trusopplæringa skjer det ein god del aktivitet i og rundt kyrkjene våre. Både nye tiltak og tiltak som har vore gjennomført i dei ulike sokna i mange år. Sjølv om trusopplærer har hovudansvaret for mange av prosjekta skjer det i nært samarbeid med sokneråd, prestar, kantorar og eit stort tal friviljuge. I mange høve er det dei ulike sokneråda som syter for at det er ressursar nok til at me kan ha alle desse tiltaka, til dømes når det gjeld friviljuge og mat.

Trusopplæringa i Vaksdal har i 2019 hatt tilbod til alle alderstrinn (0-16), men har ikkje klart å gjennomføra tiltak for dei som var 17 år. Dei fleste sokna har tiltak for alle dei nemnde aldersgruppene. Ein grunntanke ein har, er at fram til skulestart skal dei fleste tiltaka skje lokalt i dei ulike sokna, men etter at borna har byrja på skulen, kan dei fleste tiltaka vera breiddetiltak, der born frå alle sokn samlast i eitt av sokna, og det sjølvsagt varierer kva sokn det er snakk om. Nokre av tiltaka i år blei avlyst, av ulike grunnar. Eit nytt tiltak som vart starta opp i 2019 var Knøttesong for born 2-5 år, periodevis i Dale kyrkje og Vaksdal kyrkje, som eit framhald for borna som er for store til babysong og småbornssong. Eit anna tiltak som blei starta opp på hausten var barnekor i Eksingedalen kyrkje ein gong i månaden, i samarbeid med foreldre i dalen.

Trusopplærer Kristin har vore på eitt kurs i år, i Oslo i regi av K-stud. Kurset handla om å vera ein tydeleg korleiar. Ho lærte fleire nye metodar på kurset, som vil vera til hjelp i korarbeidet framover. Nedanfor er lista opp og skildra mykje av det som har vorte gjennomført av tiltak i 2019. Nokre er felles for alle sokn (breiddetiltak) og nokre er knytt til det enkelte sokn. Fleire tiltak som er felles for alle kan vere med og gjere at ein når måla om ein heil trusopplæringsplan for alle aldersgruppene i alle sokn, og ein tenkjer også framover på om ein skal ha fleire tiltak der fleire aldersgrupper vert inviterte på ein gong.

Breiddetiltak for alle sokn:

Borna sin påskedag er eit tiltak for sjuåringar, som har rullert mellom kyrkjene. I 2019 var det i Dale kyrkje, palmesundag. Gjennom fire ulike postar – som alle representerer ein dag i påska – får borna innsikt i dei viktigaste hendingane i påska. Det meste skjedde framfor altaret, fire stolar representerte dei fire dagane, Kristin fortalte og Edvard dramatiserte.

Tårnagenthelg på Vaksdal har vore gjennomført ein del år allereie. Alle 8-åringar i sokna vert invitert til ei samling ein laurdag tidleg i februar, med fokus på å verte kjent med ting og tradisjonar knytt til kyrkjerommet og kyrkja, som å verte kjent med altaret, sakristiet, orgelet, kyrkjeklokkene, lære Tårnagentsongen, lære bibelforteljing og songar. Ein førebur gudsteneste

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

og samlast neste dag til gudsteneste og kyrkje-is. I 2019 deltok 12 åtteåringar på dette, og det blei ei kjekk helg for både dei og dei vaksne!

Leirar på Fagertun er eit samarbeid mellom trusopplæringa og Norges Samemisjon, som eig Fagertun. I 2019 hadde ein for tredje gong ungdomsleir for aldersgruppa 13-16 år, ein leir som blei veldig kjekk, og som ein vil gjenta neste år. 18 born deltok. Ein samarbeider også om leir for ei yngre aldersgruppe. I 2019 vart årets niåringar inviterte til adventsleir i slutten av november, saman med andre born frå 4.-7.klasse. Leiren var populær, og nesten fullsett.

Lys Vaken er eit breiddetiltak for elleveåringane som føregår i Dale kyrkje i slutten av januar. Borna kjem til kyrkja ein laurdag ettermiddag, overnattar i kyrkja og er der til etter gudstenesta på sundagen. Dette opplegget er godt innarbeida, sidan det har vorte gjennomført ein del år berre for Dale sokn. Borna får vera med og utforska kyrkja gjennom ulike aktivitetar, oppleva fellesskap på tvers av bygdene, høyra bibelforteljingar og delta i gudstenesta med lesing og song. I 2019 var det 16 born som var med på Lys Vaken.

Konfirmasjon er det som alle kjenner til, og her er det stor aktivitet. Det er litt ulikt for dei ulike sokna korleis konfirmantarbeidet er lagt opp, men nesten alle sokna er med på eit opplegg med Alpha-kveldar der ein har fokus på ulike tema. Konfirmantane er òg med på nattcup, der dei spelar fotball mot konfirmantlag frå andre stadar. Det er eit svært arbeid som vert lagt ned i samband med konfirmantane, og det er mange frivilluge og tilsette i aksjon.

Differensierte tiltak:

Baby- og småbornssong: Her får born under skulealder vere ein del av eit fellesskap, og utvikla språk og uttrykksmåtar gjennom song, musikk og lek. Dei får kjennskap til tradisjonell og kristen songskatt og får kjennskap til bibelforteljingar. På Stamnes kjem det ei gruppe frå barnehagen på Stamnes og er med, og samlingar vert arrangert ein dag i månaden. I Eksingedalen har ein slike samlingar ein gong i halvåret.

Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong er tiltak for born under skulealder, som vert arrangert periodevis på Dale og Vaksdal. Ca 7-8 samlingar i halvåret på kvar stad. Babysong er samlingar for born under eitt år, småbornssong er samlingar for born over eitt år. Desse samlingane er prega av song, rytmar, lek og ulike sanseintrykk. Lunsjtreffet mellom samlingane er for begge gruppene, og vert ein fin og uformell møtestad for småbornsforeldre. Det var mange små og store innom desse samlingane i løpet av 2019. Litt lågare oppmøte enn året før, men dette skuldast sannsynlegvis lågare tal på fødte dette året. Me var òg innom sjukeheimane i bygdene og hadde babysong der.



Knøttesong for born 2-5 år: Fleire foreldre har etterlyst tilbod til borna som er for store til babysong og småbornssong. Me starta difor i haust opp med «knøttesong» som eit tilbod på ettermiddagstid for 2-5-åringar. Det var god suksess, både på Dale og Vaksdal, i periodane me hadde det. Både kjende og nye fjes dukka opp, til ei halvtimes songstund, før felles kveldsmat der me serverte frukt og drikke, og born og vaksne elles hadde med seg niste. På Dale var 28 born innom på ei eller fleire av dei fem knøttesong-samlingane.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd Årsmelding for 2019

Skulevegen-start på Dale, Vaksdal og Stamnes. Dette er eit tiltak som er retta mot 6-åringar. Målet er å gje alle 6 åringar eit positivt møte med kyrkja og den kristne tru. Det er sokneråda i samarbeid med trusopplærarar som har hovudansvaret her. Målet er å ha denne aktiviteten i alle sokna der me har nok 1. klassingar som er påmelde. I 2019 vart det gjennomført ved at seksåringane rundt skulestart vart inviterte til ei gudsteneste der preika var særskilt retta mot dei, og at dei fekk koma fram og få ei gåve frå kyrkjelyden.

Utdeling av 4-års bok i alle sokn, og 4-årssamling på Vaksdal, Dale og Stamnes. Her er tanken at 4 åringar skal få kjennskap til gudstenestelivet, kristne songar og forteljingar i møte med kyrkja. På denne måten kan dei få meir eigarskap til dette. Utdelinga av 4-årsbok føregår under ei gudsteneste om hausten, og i tillegg vert 4-åringane inviterte til adventsverkstad der dei fekk høve til å laga små julekrybber, saman med ein matbit og ein kort andakt.

Utdeling av nytestamenter. I år vart det delt ut nytestamente i Vaksdal og Stamnes sokn til tiåringar på hausten, medan i Dale og Nesheim/Eksingedalen sokn fekk borna nytestamente som elleveåringar på våren. På Dale vart Nytestamentet delt ut i samband med Lys Vaken, og i dei andre sokna i høve familiegudstenester.

Andre tilbod til born og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar er tilbod som ikkje vert rekna som trusopplærings-tiltak. Dette vert likevel sett på som positive tilbod som kan vere med og gje støtte til trusopplæringsplanen. Av tilbod finst det barnekor på Stamnes, søndagsskular, Barneforeining, Ving, Kilden og Vaksdal Kristelige Ungdomslag som har faste samlingar. I tillegg veit ein at det vert arrangert fleire leirar på Fagertun av Barne- og ungdomsrådet til Norges Samemisjon.



Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

2019

I samsvar med kyrkelova §20

*Det vert ikkje kravd leige for våre egne arrangement i sokna.
Kyrkjeverja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.*

Pkt:	Aktivitet:	Satsar i 2019
1	Leigesats for kyrkja	Kr 1200,-
2	Leigesats for kyrkja der kyrkjetenar er til stades og arbeider Kyrkjetenar kostar 340 kr. pr. time	kr 1200 + timar,-
3.	Leigesats for konsertar med billettinntekter. Kyrkjetenar 340 kr. pr. time	1200,- + timar kyrkjetenar
4	Leige for kyrkja ved bryllaup for utanbygdes par, eller gravferd, med vår medverknad. Kyrkjetenar 340 kr. pr. time Organist: 475 kr. pr. time Bispedømekontoret sender eiga rekning for prestetenesta	Kr 1200,- + timar
6	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, utan vår medverknad, pr. dag	kr 1200,-
7	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, med vår medverknad: Det vert rekna timar for tilsette som deltek. Kyrkjetenar 340 kr. pr. time Organist: 475 kr. pr. time	kr 1200- + timar
8	Graving av grav for avlidne ikkje busett i kommunen. (Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 10.000 + moms
9	Graving for nedsetting av urne, avlidne ikkje busette i kommunen(Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 3000 + moms
10	Utanbygds: Urnededsetting utført av tilsette	Kr 1500,-

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Kyrkjebladet for Vaksdal

Kyrkjebladet hadde 4 utgjevingar i 2019

Trykking	kr 102.000
Porto	kr 23.000
Grafikar	kr 43.000
Annonseinntekter	kr -31.000
Bladpengar/ gåver	kr -52.000
Utgifter 2019	kr 85.000

Arbeidet som staben har utført i samband med Kyrkjebladet er ikkje med i oppstillinga. Samtidig ser me at kyrjekontoret sine kostnader med kyrkjebladet har stege dei seinaste åra. Det vil vera eit fokusområde å auka annonseinntektene frametter. Dagane før kyrkjebladet skal i trykken er det alltid hektisk aktivitet på kyrjekontoret. Sjølv om det er kyrkjevevja som er ansvarleg redaktør, er det sokneprest Frode Kvamsøe som tar på seg det meste av arbeidet. Både trusopplærar og kantorar bidrar til bladet. Me ser på kyrkjebladet som eit viktig medium for oss i kyrkja i Vaksdal. Bladet vert distribuert til alle husstandane i kommunen, og gjev oss ei god moglegheit til å fortella om arbeidet vårt. Undersøkingar som er gjort om kyrkjeblad på landsbasis visar at opp mot 90% av mottakarane les heile, eller delar av bladet. Noko som er svært bra.

Straumutgifter i kyrkjene

Kyrkje	2019	2018	2017	2016
Dale	23513	24180	15273	14 808
Vaksdal	111311	91420	88014	94 630
Bergsdalen	37468	28992	16324	19 198
Stamnes	35252	29515	26729	25 244
Eidsland	29575	28157	26577	11 196
Eksingedalen	28412	22732	18988	14 909
Nesheim	23882	19571	16419	12 837
Sum	289 413	244 567	208 324	216 872

Straumutgiftene til kyrkja i Vaksdal har lenge vore eit fokusområde for fellesråde. Desse er høge og me ynskjer å redusere dette. Me vil i løpet av 2020 byrje å jobbe med forskjellige straumsparingstiltak. Energiforbruk er ein stor del av kyrkja sitt totale miljøavtrykk, og me lyt søka å få dette avtrykket ned.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Kommentarar til vedlagt rekneskap, rapporten "Årsrekneskap resultat 2019"

Rekneskapen er delt inn i fire føremål. Administrasjon, kyrkjer, gravplassar og andre føremål.

I høve til meirforbruk og mindreforbruk vert dei fire føremåla sett under eitt, der overskot på eit føremål vert nytta til dekning på eit anna.

Ved utarbeiding av budsjett, og revidert budsjett, går alltid kvar av dei fire føremåla i balanse. Dette er ikkje mogleg å få til for rekneskapstala sin del, før ein fordeler underskot og overskot mellom føremåla.

Difor går nokre føremål med "overskot", andre med "underskot" i høve til budsjett-tala.

Kyrkjeleg administrasjon (Føremål 041)

Historikk	2019	2018	2017	2016
Inntekter	1 522 000	1 182 983	1 243 854	1 254 344
Lønn og sosiale utgifter	729 378	830 089	784 256	713 952
Varer og tenester	660 801	633 744	458 535	736 653

Denne delen av rekneskapen inneheld kostnadene for dei merkantile oppgåvene, telefon, porto, datautstyr, rekneskap og tilsvarande, samt løn til administrasjonen.

Kyrkjer (Føremål 042)

Historikk	2019	2018	2017	2016
Inntekter	2 417 764	2 596 938	2 850 048	2 236 406
Lønn og sosiale utgifter	1 571 351	1 282 840	1 000 092	1 318 613
Varer og tenester	988 576	831 398	1 045 897	840 448

Denne delen av rekneskapen viser utgifter til drift og vedlikehald av kyrkjene og dei lovpålagte kyrkjelege handlingane. Løn til dei som arbeider i kyrkja vert ført her.

Vedlikehaldsoppgåvene er omtala side 8 i årsmeldinga.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

Kyrkjegardar (Føremål 043)

Historikk	2019	2018	2017	2016
Inntekter	2 109 756	2 109 756	1 584 654	1 673 542
Lønn og sosiale utgifter	339 847	78 271	51 121	79 633
Varer og tenester	178 191	1 199 916	1 188 216	1 266 880
Til kommunen	0	1 018 236	1 081 048	1 117 968
Tenesteyting	1200000	0	0	0

Denne delen av rekneskapen viser utgifter til drift av kyrkjegardar. Løyvinga frå kommunen til dette kapittelet vert ikkje rekna som løyving til religiøse føremål, av di fellesrådet forvaltar kyrkjegardane på vegner av kommunen for alle innbyggjarane, uansett livssyn. Gravferdslova regulerer fellesrådet og kommunen sine rettar og plikter i høve til gravferder og drifta av kyrkjegardane.

Etter reforhandlinga av tenesteytingsavtalen i 2018/2019 ser me no at kommunen utfører tenester som er satt til ein verdi av kr. 1.200.000. Det vert altså ikkje fakturert fellesrådet lenger. Dette er grunnen til at summen for varer og tenester går ned. Auke i lønn og sosiale utgifter har komme fordi administrasjon av gravplassforvaltninga er tatt med i dette talet frå og med 2019

Festeavgifter

Gravferdslova § 14. Feste av grav.

”Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift.” ...

Festeavgifta er fastsett til kr 250,- pr år. Festeavgifta vert kravd inn for 5 år om gongen. Ei ny enkel grav, eller den fyrste av gravene i ein ny gravstad, har ein friperiode og fredingstid på 20 år. Vert det festa ei grav på sida av denne til bruk til dømes for ektefelle, vert det kravd festeavgift med det same. Ei grav kan festast til ho er 60 år, etter dette må ein søkje fellesrådet om løyve til framhald i festetida.

Kommunen bestemmer storleiken på festeavgifta, etter forslag frå VKF.

Det vart i 2019 kravd inn festeavgifter for kr. 258.150 mot kr. 269 129 i 2018. Inntektene frå feste varierer noko frå år til år etter kor mange festarar som får faktura. Me ser no at festeavgiftene ligg på om lag det same som den gjorde i fjord. Grunnen til dette er at kyrkjeleg fellesråd dei siste åra ikkje har trengd å gjera endringar i avgiftsstrukturen sin. Dette er me glad for.

Det er til saman om lag 4 900 gravlagde på kyrkjegardane i kommunen, og alle skal vere registrerte med pårørande

Det var i 2019 37 gravferder der 9 av dei var urnenedsetjingar. Dette viser at Vaksdal har ein kremasjonsprosent på kring 24%. Me ser at urneandelen har auka med i overkant

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2019

av 4 % sidan 2018. Det er for tideleg å sei om denne auken skuldast at Vaksdal kommune no dekker store delar av kremasjonsutgiftene for sine innbyggjarar, eller om talet hadde auka uansett. Men me vonar at me vil sjå tala auka endå meir i åra som kjem.

Sumarstell og gravlegat

Det er høve til å tinge stell av graver mot betaling. Det er registrert 39 aktive legat. Desse legata har konto i Sparebanken Vest. Det er om lag 40 festarar som har tinga sommarstell med faktura år for år. Til saman skal om lag 110 graver stellast, fordelt på alle gravplassane.

I 2019 kosta gravstellet kr. 1250,-. Kransar til jul kjem i tillegg til prisen for gravstell kr. 250,-. Fellesrådet krev også inn eit administrasjonsgebyr på kr 50,-. Dette tilbodet til festarane er meint å gå i balanse, det vil seie at det er ikkje budsjettert med eit overskot på denne ordninga.

Andre kyrkjelege føremål (Føremål 044)

Historikk	2019	2018	2017	2016
Inntekter	681 483	600 819	683 050	491 830
Lønn og sosiale utgifter	385 939	340 203	385 890	345 107
Varer og tenester	215 562	244 378	230 782	285 245
Tilskot og gåver	22 000	0	0	0

Denne delen av rekneskapen viser kostnader for konfirmantundervisning, trusopplæring og liknande tiltak, samt Kyrkjebladet.

Trusopplæringsmidlar frå Bispedømme, og løn til trusopplærar, vert ført her.

I 2018 var tilskotet frå Bispedømme på kr. 345 370. Desse midla går med til å lønna kyrkjelydspedagog (trusopplærar). I tillegg kjem ein del av pengane me har brukt på varer og tenester trusopplæringa til gode. Nytt av året er at me begynner å registrere gåveinntekter her. Ein del av det arbeidet som kyrkja driv er allmennyttig og i stor grad basert på frivillig innsats. I tiltak som konfirmasjon, trusopplæring og korarbeide er det mange frivillige med. Andre igjen er med oss ved å gi pengar til dette arbeidet. Det er ei målsetting for fellesrådet at me ynskjer å auka gåveinntektene til denne typen arbeid. Me vonar at eit større fokus på dette frametter vil føre til nettopp dette.

Kostnader til andre tenester som ikkje er lovpålagte vert ført her

Konfirmantarbeidet, trusopplæringa og Kyrkjebladet for Vaksdal er kommentert tidlegare i årsmeldinga.

Driftsrapport

Powered by Xledger

Rapport: GL 69 A4 NO, Periode fra: Jan/2019, Periode til: Des/2019, Enhet: Beløp, Budsjettvariant: Revidert budsjett, Budsjettvariant 2:

Foreløpige tall

Opprinnelig budsjett, Rapport: Driftsrapport

Beløp er avrundet

	2019			2018
	Faktisk	Revidert budsjett	Originalt budsjett	Faktisk
INNETEKTER				
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-499 936	-372 000	-372 000	-497 702
Salg av driftsmidler/fast eiendom				
Refusjoner/overføringer	-410 620	-804 084	-424 084	-726 447
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-1 443 950	-1 443 950	-1 443 950	-238 000
Statlige tilskudd	-437 310	-337 580	-337 580	-335 815
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-3 850 000	-4 050 000	-4 050 000	-4 580 820
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd				-34 653
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-124 556	-60 000	-60 001	-77 062
Sum driftsinntekter	-6 766 372	-7 067 614	-6 687 614	-6 490 499
UTGIFTER				
Lønn og sosiale utgifter	3 026 518	3 241 852	3 079 468	2 531 406
Kjøp av varer og tjenester	2 043 132	2 120 418	2 120 418	2 909 468
Refusjoner/overføringer	364 477	804 084	424 084	555 756
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	1 443 950	1 443 950	1 443 950	238 000
Tilskudd og gaver	61 623			38 105
Sum driftsutgifter	6 939 700	7 610 303	7 067 919	6 272 734
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	173 328	542 689	380 305	-217 764
Renteinntekter og utbytte	-4 396			-3 891
Renteutgifter og låneomkostninger				
Avdrag på lån				
Kjøp av aksjer og andeler m.v.	9 005	7 000	7 000	10 729
Netto finansinntekter/-utgifter	4 609	7 000	7 000	6 838
Avskrivninger				
Avskrivning	85 861			87 023
Motpost avskrivning	-85 861			-87 023
NETTO DRIFTSRESULTAT	177 937	549 689	387 305	-210 926
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	-210 926	-387 305	-387 305	-55 123
Bruk av disposisjonsfond	-177 937	-162 384		
Bruk av bundne fond				
Sum bruk av avsetninger	-388 863	-549 689	-387 305	-55 123
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)				
Avsatt til disposisjonsfond	210 926			55 123
Avsatt til bundne fond				
Overført til investering				
Sum avsetninger	210 926			55 123
REGNSKAPSMESSIG OVER/UNDERSKUDD				-210 926

Regnskapsskjema 2B

Powered by Xledger
Rapport: GL 69 A4 NO, Periode fra: Jan/2019, Periode til: Des/2019, Enhet: Beløp, Budsjettvariant: Revidert budsjett, Budsjettvariant 2:
Foreløpige tall
Opprinnelig budsjett, Rapport: Regnskapsskjema 2B
Beløp er avrundet

	2019		2018
	Faktisk	Revidert budsjett	Faktisk
Investeringer i anleggsmidler: 010-389+429	2 054 385	1 900 000	
Kalkulatorisk utgift ved kommunal tj.ytingsavt.: 390			
Renteutgifter, låneomkostninger: 500-509			
Avdrag på lån: 510-519			
Utlån,kjøp av aksjer, andeler o.l.: 520-529			
Avsetninger: 530-559			
FINANSIERINGSBEHOV	2 054 385	1 900 000	
Bruk av lånemidler: 910			
Inntekter fra salg av driftsmidler/ fast eiendom:			
660-670			
Refusjoner: 700-779	-410 877		
Kalkulatorisk inntekt ved kommunal.tj.yting: 790			
Tilskudd til investeringer: 800-879	-2 156 000	-1 900 000	
Mottatte avdrag på utlån(ekstraordinære): 920-929			
SUM EKSTERN FINANSIERING	-2 566 877	-1 900 000	
Overført fra driftsregnskaper: 970			
Bruk av avsetninger: 930-959			
SUM FINANSIERING	-2 566 877	-1 900 000	
UDEKKET / UDISPONERT: 580/980	-512 492		

Balanse mot fjoråret

Rapport: GL 20 A4 NO, År: 2019, Perioder: OB/2019 - YE/2019, Enhet: Beløp, Rapport: Økonomisk oversikt balanse

Powered by Xledger

Foreløpige tall

Beløp er avrundet

	Valgte perioder		Saldo		UB i fjor
	01.01.19 - 31.12.19	01.01.18 - 31.12.18	pr. 31.12.19	pr. 31.12.18	pr. 31.12.18
Anleggsmidler 5.2	6 222 634	4 245 105	6 222 634	4 245 105	4 245 105
Faste eiendommer og anlegg 5.27-5.29	6 023 827	4 027 254	6 023 827	4 027 254	4 027 254
Utstyr, maskiner og transportmidler 5.2	84 147	112 196	84 147	112 196	112 196
Aksjer og andeler 5.21	114 660	105 655	114 660	105 655	105 655
Omløpsmidler 5.1	2 171 589	2 434 964	2 171 589	2 434 964	2 434 964
Kortsiktige fordringer 5.13-5.17	110 509	757 460	110 509	757 460	757 460
Kasse, bankinnskudd 5.10	2 061 080	1 677 504	2 061 080	1 677 504	1 677 504
SUM EIENDELER	8 394 222	6 680 069	8 394 222	6 680 069	6 680 069
Egenkapital 5.5	-7 300 803	-4 988 719	-7 300 803	-4 988 719	-4 988 719
Disposisjonsfond 5.56-5.58	-463 773	-430 784	-463 773	-430 784	-430 784
Ubundne investeringsfond 5.53-5.54	-121 938	-121 938	-121 938	-121 938	-121 938
Regnskapsmessig mindreforbruk 5.595		-210 926		-210 926	-210 926
Regnskapsmessig merforbruk 5.5900	20 034		20 034		
Udisponert i investeringsregnskapet 5.5	-512 492		-512 492		
Udekket i investeringsregnskapet 5.597		20 034		20 034	20 034
Kapitalkonto 5.5990	-6 222 634	-4 245 105	-6 222 634	-4 245 105	-4 245 105
Kortsiktig gjeld 5.3	-1 093 420	-1 691 350	-1 093 420	-1 691 350	-1 691 350
Annen kortsiktig gjeld 5.32-5.39	-1 093 420	-1 691 350	-1 093 420	-1 691 350	-1 691 350
SUM EGENKAPITAL OG GJEL	-8 394 222	-6 680 069	-8 394 222	-6 680 069	-6 680 069

Noter til årsregnskap

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Fellesrådets regnskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsatt av kultur- og kirke departementet 25. september 2003 og god kommunal regnskapsskikk. De kommunale regnskapsprinsipper innebærer blant annet at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalte anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter medtas i drifts- eller i investeringsregnskapet. I balanseregnskapet er omløpsmidler vurdert etter laveste verdis prinsipp. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid er avskrevet med like store årlige beløp over anleggsmiddelets levetid. Se for øvrig egen note om anleggsmidler.

Note 2: Kommunens tilskudd

Kommunens tilskudd til fellesrådets drift er kr 3 850 000,-. I tillegg er det utbetalt et tilskudd på 200 000,- til generell investering og 1 900 000,- til utbedring Dale kyrkje. Driftstilskuddet dekker drift av den lokale kirke og kirkegårdene i kommunen. For øvrig bestemmer fellesrådet hvordan midlene anvendes.

Det er videre inngått avtale om tjenesteyting med Vaksdal kommune:

Leige av lokale i Fabrikkveien 3, avtale med Vaksdal kommune	43 050
Reinhald av kyrkjer og kontor utført av Vaksdal kommune	200 900
Kyrkjegard (tidligere fakturert)	1 200 000
	<u>1 443 950</u>

Note 3: Avsetninger

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2019

Konto	Type fond	IB	Årets avsetninger	Årets bruk av avsetninger	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	430 783,65	210 926,17	-177 936,72	463 773,10
5.51-5.52	Bundne driftsfond	0,00			0,00
5.53-5.54	Ubundne investeringsfond	121 938,21			121 938,21
	SUM:	552 721,86	210 926,17	-177 936,72	585 711,31

Note 4: Transaksjoner ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2019	4 245 104,57	IB
I løpet av året	9 005,00	Egenkapitalinnskudd KLP
I løpet av året	2 054 384,75	Aktivering
31.12.2019	-85 860,75	Avskrivninger
	6 222 633,57	UB

Note 5: Pensjonsforpliktelser

Vaksdal kirkelige fellesråd har avtale om pensjonsforsikring med KLP.
Pensjonskostnadene for 2019 er utgiftsført i regnskapet med kr 371 498,-.

Egenkapitalsinnskudd for 2019 er på kr 9 005,-.

Note 6: Anleggsmidler

Bokført verdi pr. 01.01.2019 totalt		kr 4 245 104,57
Bokført verdi pr 01.01.2019	Faste eiendommer og anlegg	kr 4 027 253,81
	Aktivisering	kr 2 054 384,75
	Avskrivning	-kr 57 811,81
Bokført verdi pr. 31.12.2019		kr 6 023 826,75
Bokført verdi pr 01.01.2019	Utstyr, maskiner, transportmidler	kr 112 195,76
	Avskrivning	-kr 28 048,94
Bokført verdi pr. 31.12.2019		kr 84 146,82
Bokført verdi pr 01.01.2019	Egenkapitalinnskudd KLP	kr 104 655,00
	Aktivisering	kr 9 005,00
Bokført verdi pr. 31.12.2019		kr 113 660,00
Bokført verdi pr 01.01.2019	Aksjer Kirkepartner AS	kr 1 000,00
Bokført verdi pr. 31.12.2019		kr 1 000,00
Bokført verdi pr. 31.12.2019 totalt		kr 6 222 633,57

Note 7: Investering

Det er i 2019 utført betydelig investering på fasade Dale kyrkje og orgelet i Dale kyrkje.

Fasade Dale kyrkje	1 766 049,40
Orgel Dale kyrkje	288 335,75
	2 054 385,15
Investeringer Dale kyrkje (aktivert)	2 054 385,15
Refusjon av moms	-410 876,96
Tilskudd kommunen	-2 100 000,00
Tilskudd Dale sokn (orgel)	-56 000,00
Udisponert	-512 491,81

Note 8: Stell av graver/gravlegat

Gravlegat er ført på en gjeldskonto fra og med 2007.

Det er innestående kr 494 646,87 per 31.12.2019

Det er utført tjenester i 2019 som er inntektsført kr 107 040,-.

Fra 2019 ble alle legatkonto i bank overført til en konto i Sparebank Vest, saldo 31.12.19 er kr 549 242,17. Overføring for gravstell og differanse fra tidligere er gjort i 2020.

Note 9: Resultatet

Driftsresultatet for 2019 går i null som følge av bruk av fond på 177 936,72 iht. budsjett.

Investering har et udisponert resultat på 512 491,81. Rådet vedtar disponeringen.

Note 10: Likviditetsreserve

Har har siden 2005 vært et likviditetsreserve på negativ 20 034,- i balansen. Dette skulle vært avsluttet i seinest 2011, jf. Rundskriv V-18B/2009 punkt 3.2. Dette er overført til regnskapsmessig merforbruk i 2019, jf. siste setning i siste avsnitt, som dekkes inn ved bruk av fond i 2020.



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Til
Vaksdal kyrkjelege fellesråd
v/leiar

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vaksdal kyrkjelege fellesråd som viser eit netto driftsresultat på kr 177.937,- i underskot og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0,-,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vaksdal kyrkjelege fellesråd per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av fellesrådet slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Fellesrådet og dagleg leiar er ansvarleg for informasjonen elles. Anna informasjon består av informasjon i fellesrådets årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjon elles, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese ytterlegare informasjon for å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at informasjonen elles inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Fellesrådet og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Fellesrådet og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og fastsetja årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at det gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.¹

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjonen av årsrekneskapen, slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fellesrådet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 25. mars 2020

Elin Bye
Revisjonssjef

¹ Linken under viser revisors oppgaver og plikter
http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter